



## Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune

18 AUG 2015

Hordaland fylkeskommune  
v/samferdselsavd.  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Per Steinar Nedkvitne - <tomt>


Vår referanse:  
2015/098929-001

Dykkar referanse:

Vår dato:  
11.08.2015

### Omklassifisering av fylkesveg 46 til Herøysund i Kvinnherad kommune

Fylkesveg 46 går frå kryss fylkesveg 48 til kaien på Herøysund. Tidlegare var dette ein veg som hadde funksjon som fylkesveg på grunn av kaiens kommunikasjonsknytepunkt mellom snøggbåtrute og buss på Herøysund. Sambandet er no nedlagt og kaien vert ikkje nytta til rutebåt lenger. Vegen har i dag rein lokal funksjon, og vegen stettar ikkje lenger kravet til fylkesveg. Vegen blir derfor foreslått omklassifiserast til kommunal veg.



Strekning  $\longleftrightarrow$

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Flyplassvegen  
5705 VOSS

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø  
Telefon:  
Telefaks:

Omklassifiseringsaka vart lagt fram for Kvinnherad kommune i medhald av § 7 andre ledd i veglova før saka vert sendt fylkeskommunen til endeleg avgjerd.

I sitt svarbrev yngste Kvinnherad kommune at saka vart utsett med bakgrunn i at kommunen ville oppmoda fylkeskommunen å leggja inn ein snøggåtrutestopp i Herøysund mellom Rosendal og Os/Bergen.

Kommunen fekk tilbakemelding frå oss at TIDE hadde stadfesta at leigeavtalen om bruk av kaien var sagt opp, og ruta for snøggåbåten var endra. Dersom det hadde vore aktuelt å starta opp att rutestopp på snøggåtruta mellom Rosendal og Os/Bergen i Herøysund, ville passasjerane også vera avhengig av å koma til kaien anten i buss eller privatbil. Arealet på Herøysund kai er og trengt og det er vanskeleg å få til gode ordningar med busstopp, parkering av bilar som skal vidare med båt og areal til sørvisanlegg.

Det er ikkje kome merknader tilbake frå Kvinnherad kommune etter denne tilbakemeldinga. Statens vegvesen ynskjer nå at det vert gjort eit formelt vedtak i saka.

Tilråding med framlegg til vedtak:

Fylkesveg 46 frå kryss med fylkesveg 48 til Herøysund kai, lengde 645m, vert omklassifisert til kommunal veg.

Statens vegvesen -Vegavdeling Hordaland  
Med helsing

  
Olav Finne  
avdelingsdirektør

  
Per Steinar Nedkvitne

Vedlegg : Tilbakemelding til Kvinnherad kommune, datert 30.06.2008  
Brev frå Kvinnherad kommune, datert 11.09.2007  
Statens vegvesen ber om uttale, datert 03.09.2007

Kopi: Kvinnherad kommune, Rosendalsvegen 10, 5470 ROSENDAL  
Vegseksjonen v/Lars Øyre